



# Vågsøy kommune

## Møteprotokoll

### Ungdomsråd

<b>Møtested:</b>	Formannskapssalen 3. etg Rådhuset
<b>Møtedato:</b>	26.02.2014
<b>Tidspunkt:</b>	14:15 - 15:45

**Til behandling:**      **Saksliste nr. 001/14 - 003/14**

**Medlemmer:**

- Daniel Gangeskar (Leder)
- Elise Silden (Medlem)
- Margrethe Eggesbø (Medlem)
- Andrea Cathrine Lillebø (Medlem)
- Marius Henriksen (Medlem)
- Gunnar Itland (Medlem)

**Varamedlemmer:**

**Fra administrasjonen møtte:**

- Dagny-Ann Gangeskar (Møtesekretær)
- Tenesteleiar kultur – Odd Gunnar Myhre
- Folkehelsekoordinator Natalie Silden

**Forfall:**

- Bjørnar Hals (Nestleder)
- Caroline Strand (Medlem)

Av 8 medlemmer møtte: 6. Totalt frammøtte: 7

Måløy 03.03.2014

Dagny-Ann Gangeskar  
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
001/14	Godkjenning av møteprotokoll	
002/14	Klatrepark i Vågsøy	
003/14	Fylkesting for ungdom 2014	

## **001/14: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen si innstilling**

Møteboka godkjennast som den ligg føre.

#### **26.02.2014 Ungdomsråd**

##### **Møtebehandling:**

Ingen merknad.

##### **Votering**

Rådmann si innstilling samrøystes godkjent.

UR-001/14

##### **Vedtak:**

Møteboka godkjennast som den ligg føre.

## **002/14: Klatrepark i Vågsøy**

Styret i Sparebankstiftinga vedtok på styremøte 5. februar å gje Vågsøy kommune 250 000 kroner til klatrepark i 2014.

Eit av krava som sparebankstiftinga har sett er at klatreparken skal etablerast sentrumsnært. Det er opp til kommunane sjølve å definere kva som er sentrumsnært. Hovudmålet er at klatreparken skal bli mykje brukt.

Vågsøy kommune eig lite areal i sentrum av Måløy. Dersom ein ynskjer å ha det i Måløy sentrum er det eventuelt torget som peikar seg ut. Her ligg det føre andre planer som ein då må revurdere. Eit alternativ kan vere å ta i bruk delar av parkeringsplassar.

Mellom gate 2 og 3, sør for brannstasjonen er det ein leikeplass som Vågsøy kommune eig. Denne leikeplassen er i dårleg stand. Det kan vere mogleg å etablere dette anlegget der, men det krev mykje grunnarbeid fordi der er så bratt.

Eit anna alternativ er å plassere klatreparken på uteområdet til ein av skulane. Klatreparken vil då bli mykje brukt i skuletida og på fritida av dei barna som bur i nærleiken. Vi har ikkje vore i kontakt med skulane om dette. Det kan vere andre kommunale leikeplassar i kommunen som kan vere aktuelle.

Å legge klatreparken til eit område i nærleiken av Måløy stadion kan òg vere eit alternativ. Dersom Måløy stadion vert oppgradert med kunstgras vil der bli meir aktivitet heile året.

Ved å etablere ein klatrepark i sentrum av Måløy vil ein få meir aktivitet i sentrum. Folk vil kanskje bruke meir tid der. Det kan bli ein flott møteplass for småbarnsforeldre, kombinert med litt andre aktiviteter.

For å klare å finansiere dette er vi avhengig av spelemidlar, og då må anlegget etablerast på kommunal grunn eller ein stad der det er mogleg å få til ei langsiktig avtale på 20 år på bruk av grunn.

Det er ønskelig at Ungdomsrådet i Vågsøy drøftar:

#### **26.02.2014 Ungdomsråd**

##### **Møtebehandling:**

Odd Gunnar Myhre og Natalie Silden orienterte og svarte på spørsmål.

Ungdomsrådet hadde god diskusjon og argumentasjon for klatrepark i Måløy.

Ungdomsrådet tenker at dette er eit tilbod som alle kan nytte. Barnefamiljar og ungdom, eller ein møteplass for alle.

Plassering:

- Måløy stadion er for langt borte frå sentrum.
- Ved Skram skule, nederste planen, kan vere aktuelt. Litt sentralt.
- P-plassen ved Lefdal er sentral.
- Torget er ikkje ønskelig. Vil ikkje miste torget til andre bruksmuligheter/arrangementer og det er for nærme sjøen.
- 
- P-plassen på Larsmarka er den som klart skilelr seg ut til eit egna område.
  - Sentrumsnært
  - Parkeringsmuligheter
  - Vil gje eit levande sentrum
  - Lett tilgjengelig
  - Nærme Skram skole for bruk i skuletida
  - Brukarvennlig året rundt
  - Møteplass for alle
  - Nærme bubilparkering og gjestehamna
  - Vil «dra opp» Måløy sentrum
  - Vil gjere Måløy ein attraktiv plass å bu
  - Vil ha bord og benker for å gjere det til ein hyggelig plass å møtast
  - Vil bli brukt av ungdom dersom den er lett tilgjengelig

Bra tiltak! Vil ha det!

Ungdomsrådet ønsker å bli invitert til kommunestyremøte når denne saka skal diskuterast og avgjerast.

## **003/14: Fylkesting for ungdom 2014**

### **Rådmannen si innstilling**

Ungdomsrådet sender to utsendingar til Fylkesting for ungdom 21. – 23. mars 2014 på Skei hotell.

Dette vert: 1.  
2.

Vara 1:  
Vara 2:

## **26.02.2014 Ungdomsråd**

### **Møtebehandling:**

Medlemmane diskuterte kven som har anledning å reise. Det er mange som ikkje kan denne helga pga jobb eller andre planer. To av medlemmane ville sjekke heime og komme med tilbakemelding til Dagny-Ann.

Når referatet vert skrive har alle gitt tilbakemelding om at dei ikkje kan reise på Fylkesting for ungdom 21.-23. mars.

